

Forfatter Elisabeth Skrede Havnsund i Ørskog med folkelivsserie frå 1600-talet:

Måtte føle kulden på Røros for å skape rett atmosfære

Forfatter Elisabeth Skrede Havnsund i skrivestova i heimen på Sjøholt med dei åtte bøkene som har kome ut til no.

Hadde ikkje trudd at skrivinga skulle vere så arbeidskrevande

- Eg hadde ikkje førestilt meg at det var så mykje arbeide å skrive ein romanserie og særleg at det er så mykje stoff å halde styr på, seier Elisabeth Skrede Havnsund som er vel halvvegs i sin historiske romanserie "Kobberhjerter" med handling frå Røros på 1600-talet.

BB • BJØRN STEINAR SKARBØ

- Men det er også spennande å skape si eiga historie og bestemme kva som skal skje, slår ho fast.

Elisabeth har så lang gjeve ut åtte band i serien. Den fyrste kom i juni i fjor og no skriv ho på nummer 11 som skal kome ut for jul. Imellom er det to ferdigskrivne og enno ikkje utgitt.

- Det er også artig å vere den som skaper spenninga i serien, seier ho og fortel om måten ein romanserie er bygt opp på. Kvar bok startar med ei oppklaring av det som hang i lufta etter førre bok. I alle fall ein del av det. Så må kvar bok ha ein ny spenningsstopp som blir løyst i denne boka og til slutt ein spenningsstopp mot slutten som heng i lufta til neste bok. Føremålet er naturlegvis at lesaren då "må" kjøpe neste boka. Denne helga er ho mellom dei lokale kulturutøvarane som vert presentert på mønstringa i Ørskog samfunnshus i samband med Ørskogdagane.

Vann romankonkurranse

Ho fortel ho alltid har hatt ønskje om å skrive bøker og sjansen baud seg med Schibsted sin konkurranse om å bli forfatter av ein ny romanserie. Elisabeth sende

inn sin ide til ei forteljing om familien som starta bergverksdrifta på Røros. Hovudpersonen er 18 år gamle Sofie og handlinga fyl henne frå København til Røros og sidan ut i verda når etter kvart flyttar attende til København.

- Det er i grunnen to forteljingar som går parallelt der lesarane også fyl familien på Røros.

Elisabeth Havnsund er til vanleg lærar ved Sjøholt skule, men har hatt permisjon siste to åra for å skrive.

- Det vil seie eg følte eg etter kvart måtte litt ut att, seier ho. Derfor har ho sidan nyttar arbeidd deltid i eit vikariat ved Skarbø skule og frå hausten skal ho attende til Sjøholt skule på deltid.

Reknar med 15 bøker

- Er det mange bøker att å skrive?

- Det er ikkje heilt avgjort enno, men eg føler det no er over halvparten og trur nok ikkje det vert meir enn 15 bøker.

- Eg kan skifte mening, legg ho likevel til, men har heller ikkje lyst å trekkje historia ut i det altfor lange.

Då vil eg heller byrje å skrive på noko anna, seier ho og vedgår at ho har idear også i så måte.

Undersøkingar

Mykje av arbeidet har vore knytt til undersøkingar og ho har vore fleire plassar der handlinga er innom. Røros, naturlegvis, men også Bergen, Trondheim og København.

- Ein ting eg måtte erfare var klimaet på Røros og korleis dei låge temperaturane opplevast på kroppen, fortel Elles har ho studert historia og skapt si eiga historie rundt dei historiske hendingane.

Dei ho skriv om starta gruvedrifta



på Røros. Stamfaren som heitte Jürgens var kammertenar for Kong Christian IV. Han var ein populær konge, men som tapte mange krigar og dermed opparbeidde seg stor gjeld. Då han ikkje kunne betale med kontantar, betalte han med eigedommar, jord, titlar og privilegier. Jürgens fekk landområde på Røros og rett til å drive bergverk i tillegg til at han ein periode eigde mykje av Nord-Noreg.

Lærerikt

- Korleis har du erfart det å vere

forfatter?

Det har vore veldig lærerikt. Eg har arbeidd med bøkene i fire år og likar det godt, men eg hadde ikkje førestilt meg at det skulle vere så mykje arbeid og så mykje å halde oversikt over. Å skrive godt bokmål måtte også lærast og skriveteknisk synes eg det går lettare no enn med dei fyrste bøkene.

Ho fortel at ho også var på litteraturfestival på Røros og fortalde om boka. Det var ei positiv oppleving; sjølv om ho ikkje legg skjul på at ho kjende seg litt sann...

saman med dei meir etablerte forfattarane.

Morslekta

Kvifor valde du å skrive ei forteljing frå Røros.

Slekta til mor mi er frå denne familien forteljinga handlar om, seier ho. Starten på heile prosessen var då ho såg ei minnetavle bak altaret i Røros kyrkje. Det var denne familien som let bygge den fyrste kyrkja på Røros i rundt 1650 som var i bruk fram til den noverande kyrkja vart bygt rundt 1720.